


Første skulemusikkøving via internett!

15.04.2020



Frå den første nettøvinga i skulemusikken. På skjermen ser vi dirigent Tor Skeie Olsen og ein musikant som øver heime i stova.

Koronaen sette ein brutal stoppar for det vanlegvis så aktive lags- og kulturlivet. Men Uskedal skulemusikk let seg ikkje stoppa. Onsdag hadde dirigent Tor Skeie Olsen den første øvinga over internett medan musikarane var heime hos seg sjølve. Dette er eit svært viktig tiltak for at dei unge musikarane skal kunna halda ved like og utvikla det dei har lært til no.

Det var dirigenten, Tor Skeie Olsen, som tok initiativet til den nettbaserte øvinga. Han skjøna at det var særdeles viktig for dei unge musikarane at dei held speltinga i gang gjennom Corona-perioden. Derfor planla han øvingar via ei videokonferanseplattform som heter Wherify. Etter utprøvingar saman med medlemmer av styret var det onsdag klart for første øving. Det var lagt opp til individuell øving, og det var sett nøyaktig plan over når kvar musikar skulle 'møta opp' og logga på.

Musikarane hadde fått klare instruksjonar om oppvarmingsøvingar dei skulle gjera på førehand, og at dei måtte vere heilt presise med innlogginga for at dei skulle få utnytta tida med den dyktige dirigenten best mogeleg.

Skeie Olsen var svært godt nøgd etter økta:

- Ja, det var ei god økt! Alle 'møtte' presis, og vi fekk godt utbyte, spesielt med tanke på at det var første gongen, seier dirigenten og legg ikkje skjul på at det vart intenst å ha 12 fjernundervisningsøkter på rappen.
- Dette var bra, og endå betre skal det bli. Det var ei god erfaring både for meg og musikarane!

Musikarane og foreldra var også fornøgde med at øvinga var i gang igjen. På sida foreldregruppa har på facebook, er det fleire som gjev uttrykk for det. 'Tusen takk for fin øving i dag, Tor. Dette fungerte kjempefint!', skreiv m.a. ei mor medan ei anna fulgte opp med 'Knallkjekk måte å få øvd litt på!'. I tillegg vanka det både musikksymbol, hjarte, smil, blomar og applaus. Neste onsdag er det klart for ein liknande øvingsrunde med dirigenten. Han håpar at desse dryppa skal føra til ein god del heimeøving slik at musikarane er godt rusta når dei kan møtast fysisk til første øving att.

Tor Skeie Olsen er ikkje berre nøgd med at han og musikarane er komne i gang med øvingar. Han rosar også ei positiv og aktiv foreldregruppe.

-Dei er svært positive til forslaga som kjem frå meg, og dei kjem med svært konstruktive innspel sjølve, seier han og nemner m.a. ein svært kjekk notelessingsquiz som dei hadde på facebook-gruppa i påskeferien.

Tor Skeie Olsen seier til slutt at viss det vert arrangement i Uskedal på 17.mai, skal dei gjera det dei kan for å bidra, men sjølv sagt innanfor dei tiltak og reglar som vil gjelda.



Sjølv etter ei kjekk nettøving ser denne flotte gjengen fram til å koma i gang med vanlege øvingar att.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tor Skeie Olsen og Monica Hermann